



Anita Bakken
Stranda 800 B
5993 OSTEREIDET

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/2234 - 18/33487

Saksbehandlar:
Johnny Danielsen
johnny.danielsen@lindas.kommune.no

Dato:
06.11.2018

Referat frå møte i samarbeidsutvalet onsdag 31. oktober 2018

Desse møtte:

Ann Kathrin Espevoll (FAU), Camilla Dalland (FAU), Birgitte Smådal (Lærer), Gunn Rusten (Lærer), Maja Andvik Totlandsdal (Elev), Melina Isadora L. Myhr (Elev), Gullborg Tresnes (Andre tilsette), Johnny Danielsen (Rektor), Anita Bakken (Komm. Repr.)

Sak 01/2018-2019 Godkjenning av:

- a) Innkalling
- b) Sakliste

Innkalling og sakliste vart godkjent utan kommentarar.

Sak 02/2018-2019 Konstituering.

Leiar: Anita Bakken

Nestleiar: Birgitte Smådal

Skrivar: Johnny Danielsen

Sak 03/2018-2019 Gjennomgang av mandatet til samarbeidsutvalet.

Rektor gjekk gjennom mandatet til SU. (Vedlegg 1)

Sak 04/2018-2019 Skisse for møteplan.

To møter i halvåret. Neste møte i slutten av november.

Til våren vert det møte i slutten av februar og like etter påske.

Møta samordnast med SMU og FAU-møter.

Onsdag er ein grei dag å kalle inn på.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



Sak 05/2018-2019 Skuleruta for 2019/2020.

Samarbeidsutvalet er einig med skulen at det er dumt å starte opp igjen etter jul fredag 03.01.2020. Då er det mange elevar som vil be seg fri likevel. SU foreslår det same som skulen, at denne dagen vert flytta til fredag 19.06.2020 slik at vi avslutter skuleåret ein fredag i staden for torsdag.

Rektor sender inn dette som høringsutkast frå både skulen og SU.

Sak 06/2018-2019 Implementering av nytt LMS «Canvas».

Rektor informerte om inføring av nytt LMS «Canvas» som skal implementerast med elevane frå og med 01.01.2019. Lærarane får opplæring og tid til å setje seg inn i det nye systemet i haust, og skulen kjem til ta Canvas i bruk på eit «lågt» nivå i starten, slik at både elevar og lærarar kan venne seg til den nye læringsplattforma.

Sak 07/2018-2019 Fagfornyinga.

Rektor informerte kort om tidsplanen for implementeringa av den nye fagplanen «Fagfornyelsen». Skulen kjem til å måtte prioritere tid til å jobbe med dette ut over neste skuleår.

Sak 08/2018-2019 Eventuelt.

Fulle skulebussar:

FAU tok opp problema med fulle skulebussar som kan skape farlege situasjonar ved av og påstigning, og at dei minste elevane ikkje får sitjeplass. Det er ein regel at dei små elevane skal få sitje, men mykje tyder på at dei større elevane ikkje bryr seg om dette. Det kom og fram at nokre seter ofte blir blokkert av skulesekkar. Rektor vil ta problemet opp med Skyss, og få ein uttale frå dei om situasjonen på bussane. Skulen vil også gjere ein undersøking blant elevane for å få vite kva dei observerar på dei ulike bussrutene.

Mobilbruk:

FAU lurar på kva reglar som gjeld, og korleis ståa er med gjennomføringa av regelhandvevinga? Regelen er at mobiltelefonar ikkje skal brukast på skulen sitt område i skuletida. Den skal liggje i sekken og vere avslått. Rektor har verken sett eller høyrd om noko problem ang. dette sidan oppstarten i haust, men vil ta dette som ein sak gjennom plangruppa på skulen.

Med helsing

Skrivar i SU

Johnny Danielsen - rektor

(1 vedlegg)

Vedlegg 1.

Mandat for samarbeidsutvalget

Samarbeidsutvalget (SU) er et rådgivende organ uten beslutningsmyndighet. SU har rett til å uttale seg i alle saker som gjelder skolen. I Samarbeidsutvalget er alle partene i skolen representert: elever, foreldre, undervisningspersonalet, andre tilsatte og to representanter fra kommunen, hvor rektor skal være den ene. Foreldrerepresentantene skal, ifølge opplæringsloven § 11-4, være fra FAU. Den ene representanten skal være FAU-lederen.

Typiske oppgaver for SU.

Samarbeidsutvalget kan uttale seg om følgende saker:

- ordensreglementet
- skolens informasjonsvirksomhet
- virksomhets- og utviklingsplaner for skolen, strategiske planer mm.
- forslag til budsjett
- prinsipper for valg av bøker til skolebiblioteket
- plan for hjem-skole-samarbeid
- skolevurdering
- trafikkforholdene
- skoleskyss
- planer for ombygging og vedlikehold av skoleanleggene

Med helsing

Johnny Danielsen
rektor

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Anita Bakken	Stranda 800 B	5993	OSTEREIDET
Ann Kathrin Moe Midtgård Espevoll	Eidavegen 442	5993	OSTEREIDET
Camilla Houge Dalland	Eidavegen 506	5993	OSTEREIDET

